



Notat

Dato: 20.09.2016
Arkivsak: 2016/9629-1
Saksbehandlar: livsund

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Planrapport 2015 - regional og kommunal planlegging i Hordaland – orientering

Hordaland fylkeskommune har utarbeidd rapporten «Planrapport 2015 – regional og kommunal planlegging i Hordaland». Rapporten blir lagt fram for å orientere om korleis oppgåver knytt til plan- og bygningslova er forvalta i samsvar med delegasjonsreglementet i Hordaland fylkeskommune. I tillegg er den eit kunnskapsgrunnlag for alle som er involvert i regional og kommunal planlegging i Hordaland.

Planrapporten skildrar status for regional og kommunal planlegging i 2015, sett i samanheng med tidlegare år. Det er særleg arealretta og kommunale planar som får merksemd. Tala i rapporten er i hovudsak basert på fylkeskommunens rapportering til KOSTRA, statistikk over innkomne planar på høyring til Hordaland fylkeskommune, politiske saker og innspel frå andre regionale og statlege etatar.

Hordaland fylkeskommune har lovpålagde oppgåver knytt til regional planlegging, ivaretaking av regionale interesser i forvalting og kommunal planlegging og rettleiing av kommunar i deira planlegging etter plan- og bygningslova. I tillegg har fylkeskommunen tettstadsutvikling som satsingsområde.

Rapporten inneholder orientering og statistikk om følgjande hovedtema:

- Regional planlegging
- Kommunal planlegging
- By- og tettstadutvikling
- Rettleiing og kompetanseutvikling